



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Møteprotokoll

Utval: Folgefonna nasjonalparkstyre

Møtestad: Rosendal

Dato: 20.03.2023

Tidspunkt: 09:00 - 13:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigrid Brattabø Handegard	Leiar	Vestland fylkeskommune
Mette Heidi Bergsvåg Eikreim	Medlem	Etne kommune
Jarle Vangen	Medlem	Ullensvang kommune
Hilde Enstad	Nestleiar	Kvinnherad kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader:

Andre frammøtte:

Namn
Astrid Bakke Haavik

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Sigrid Brattabø Handegard

Hilde Enstad

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 6/23	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 7/23	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 8/23	Vedtak - Folgefonna nasjonalpark - nydyrking - Kvinnherad - 87/12 - Hattebergsdalen		2020/12839
ST 9/23	Møteplan for Folgefonna nasjonalparkstyre 2023		2023/280
ST 10/23	Prioritering av tildelte midlar 2023 - Folgefonna nasjonalparkstyre		2023/280
ST 11/23	Referatsaker		
RS 4/23	Regulering - ferdsel - andre aktiviteter - eksisterende verneområder		2022/16800
RS 5/23	Søknad om midler til årleg vedlikehald av turstien frå Odda til Holmaskjer - Motorferdsel vedlikehold sti kvilebuer langs Ridevegen Tokheim - Holmaskjer - Folgefonna nasjonalparkstyre		2022/11779
RS 6/23	Svar - Reparasjon av stølsveg over Reppaelva - Hattebergsdalen landskapsvernområde - Folgefonna nasjonalparkstyre		2022/16428
ST 12/23	Delegerte saker		
DS 1/23	Tilsegn på støtte til å vøle Ridestien 2022 - stigruppa i Odda og Ullensvang turlag - Folgefonna nasjonalparkstyre		2022/11779
DS 2/23	Delegert vedtak - Motorferdsel og vedlikehold av sel i Vierdal - Folgefonna nasjonalpark - Helge Sandvin		2023/1399
DS 3/23	Delegert vedtak - Motorferdsel og vedlikehald av hytta i Seimshildal - Folgefonna nasjonalpark - Folgefonna nasjonalparkstyre		2023/739
DS 4/23	Vedtak - motorferdsel - helikopter - Krokasætra - Folgefonna nasjonalpark - Steinar Kroka		2023/2810

ST 6/23 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.03.2023

Handsaming i møte

Styreleiar føreslår å flyte sak RS 3/23 Endeleg avslag på søknad om nydyrking i Hattebergsdalen til ei styresak og at styret gjer vedtak i saka.

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart einstemmig godkjent.

ST 7/23 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.03.2023

Handsaming i møte

Vedtak

Hilde Enstad skriv under protokollen saman med styreleiar Sigrid Brattabø Handegard.

ST 8/23 Vedtak - Folgefonna nasjonalpark - nydyrking - Kvinnherad - 87/12 - Hattebergsdalen

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.03.2023

Handsaming i møte

Styreleiar kjem med forslag om å fremje saka og framlegg til vedtak.
Nasjonalparkstyret vedtek framlegget samrøystes.

Vedtak

Folgefonna Nasjonalparkstyre tek Miljødirektoratet sitt vedtak til vitande.

Styret viser sakshandsaminga og vårt vedtak 30.09.22, Statsforvaltaren si vurdering i brev 09.12.22 der det går fram:

«Vi forstår at det lokalt er ønske om å legge til rette for stabil og langsiktig landbruksdrift, og hindre gjengroing av kulturlandskapet gjennom auka beitetrykk. Å opne for nydyrking i verneområdet må i tilfelle skje gjennom ei forskriftsendring, der grensene for verneområdet vert justert»

Folgefonna Nasjonalparkstyre bed Klima- og Miljødepartementet justere verneforskrifta slik at omsøkte tiltak kan gjennomførast.

ST 9/23 Møteplan for Folgefonna nasjonalparkstyre 2023

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.03.2023

Handsaming i møte

Styret vedtok møteplan som følgjer. Forvaltar sender innkalling til alle involverte.

Vedtak

Møteplan 2023

Møte	Dato	Tema	Stad
1/23	05.01.2023	Styresaker	Teams
2/23	20.03.2023	Fordeling av tildelte midlar og styresaker	Teams
3/23	05.06.2023	Synfaring stølsbu Vierdal Styremøte	Sandvin-Vierdal t/r og Odda
4/23	27.09.2023	Styremøte Innspelsmøte med rådgjevande utval om revidering av forvaltningsplan	Folgefonnsenteret, Rosendal
5/23	4.12.2023	Oppsummerings- og planleggingsmøte med Statens naturoppsyn	Ikkje sett

ST 10/23 Prioritering av tildelte midlar 2023 - Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.03.2023

Handsaming i møte

Styret gjekk gjennom tildelingane slik dei er gitt og prioriterte tiltak etter lista.

Vedtak

Tiltaksmidlar

Prioritering av tiltaksmidlar

Tiltak	Kostnad	Tildelt
Rydding av frøspreidd gran i nasjonalparken i Håedal i Ullensvang - Avtale teikna med grunneigar	30000	Ramme på 30000
Fjerne granfelt og enkelttre av gran ved sørenden av Bondhusvatnet. - Grunneigar skal komme med tilbod. Elles går anbodet til entreprenør med rammeavtale om hogst i verneområde.	100000	Ramme på 100000
Rydding av nedraste steinar langs Bondhusvatnet - Gjennomført og utbetalt desember 2022	0	Gjennomført 2022

STIKURS Opprusting av sti frå Pyttelva til Nyasætre i Bondhusdalen 1. Rosendal fjordhotell til Skeie (Svartedalen) 2. Kletta-Melderskin (om første alternativ ikkje vert gjennomførbart) Avventar endeleg avklaring på bruk av SNO-ressurs til kursing. Må mogleg ha ein backup-plan.	300000	
Løpande vedlikehald av stinett og innfallsportar	60000	Avventar tiltak
Uttak av granfelt på Sandarvollen	60000	Ramme på 60000
SUM Tildelt	550000	

ST 11/23 Referatsaker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.03.2023

Handsaming i møte

Forvaltar orienterte om referatsakene.

Orienteringssaker

- Status tilsetting ved Kjell Kvingedal
- Status praktisk stikurs
- Dato for vårens synfaringar til Vierdal og eventuelt andre plassar
- Oversikt over gran i verneområda
- Oppfølging av ulovleg dronefilming
 - Forvaltar ber om avklaring om nasjonale retningslinjer og utsett saka til neste møte
- Behov for retningslinjer for solcellepanel?
 - Vi arbeider med å få retningslinjer for dette inn i forvaltningsplanen
- Ny NRK-serie om Noregs nasjonalparkar
 - Forvaltar kjem med meir informasjon etter møte med NRK
- Besøk frå Ålfotbreen verneområdestyre og verneområdestyre for Setesdal, Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde i mai/juni
- Basiskartlegging i Buer og Bondhusdalen i år
- 20-års jubileum 2025
 - Vi arbeider vidare med planlegging i samarbeid med besøkssenteret

Vedtak

Nasjonalparkstyret tek referatsakene til vitande.

ST 12/23 Delegerte saker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 20.03.2023

Handsaming i møte

Vedtak

Styret tek dei delegerte sakene til vitande.